

Skriftleg innspel til stortingsmelding om 5.–10. trinn frå Nasjonalt senter frå nynorsk i opplæringa

Vi vil gjerne takke for høvet til å kome med innspel til stortingsmeldinga. I innspelet vårt vil vi særleg leggje vekt på korleis nynorsken sin posisjon i samfunnet har innverknad på opplæringa og på det vi ser på som dei tre mest sentrale tiltaka på vårt område: tidleg start med sidemål, kompetanseheving for lærarar og styrking av nynorsk i lærarutdanningane. Vi vil òg understreke at det er eit unytta potensial i LK20 når det gjeld språkopplæring.

Nynorsk er ein av grunnsteinane i opplæringa for mange av elevane i norsk skule. Meir enn 73 000 elevar har i dag nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen. Desse elevane har dårlegare vilkår for å lære, lese og bruke språket sitt enn elevar med bokmål som hovudmål har. Dersom vi ønskjer at elevane med nynorsk som hovudmål skal få ei god opplæring i alle fag og bli verande nynorskbrukarar i framtida, må vi ta dei på alvor og leggje til rette for at det skal vere lett og kjekt å lære nynorsk og lære på nynorsk. Det er heilt grunnleggande for nynorskelevane sine mogelegheiter til å møte og bruke språket sitt at også bokmålelevane får nynorsk språkkompetanse i skulen (Språkrådet, 2022, s. 15). Vi må difor gjere nynorskopplæringa motiverande og læringsfremjande for begge elevgruppene, både dei som har nynorsk som hovudmål og sidemål.

Utfordringar for mindretalsspråket

Nynorskopplæringa i skulen har nokre utfordringar. Det at nynorsk og bokmål har ulike vilkår i samfunnet, trass formell jamstilling, har stor innverknad på nynorskopplæringa elevane får, og det er ei erkjenning som må få didaktiske implikasjonar. Det gjeld både for opplæring i nynorsk som hovudmål og sidemål.

Det skjer mykje bra i klasseromma, men samstundes veit vi at

- Både bokmålelevar og nynorskelevar er for lite eksponerte for nynorsk i kvardagen sin (Språkrådet, 2022; Sønnesyn, 2020; Wold, 2019).
- Mangel på nynorske læremiddel, særleg digitale læringsressursar, gjer det utfordrande å drive god nynorskopplæring og bryt elevane sine språklege rettar.
- Mange nynorskelevar melder om at dei møter meir bokmål enn nynorsk, ikkje berre på fritida, men også i skulen. Dette gjer at dei opplever nynorsk som vanskeleg og at dei kjenner

seg utrygge i den nynorske språknorma. Dette er den viktigaste årsaka til individuelle språkbyte frå nynorsk til bokmål (Språkrådet, 2022, s. 9; 41; 52; 55).

- Mange elevar møter nynorsk som sidemål gjennom veldig tradisjonell språkopplæring som ikkje er i tråd med målsetjingane i fagfornyinga (Blikstad-Balas & Roe, 2020).
- Lærarar får heller ikkje den nynorskkompetansen og den nynorskdidaktiske kompetansen dei treng gjennom utdanninga si (Språkrådet, 2022, s. 82-84).

Alt dette påverkar sjølvstøtt både haldningar, motivasjon og meistring hjå elevane.

Sentrale løysingar

Utfordringane er samansette og krev løysingar på eit meir overordna nivå, mellom anna både gjennom endringar i lærarutdanninga og gjennom språkkrav til analoge og digitale læringsressursar på nynorsk. Også Utdanningsdirektoratet hevdar det er viktig at nynorskelevane blir eksponerte for nynorsk for å meistre norma i språket:

Fordi barn erobrar skriftspråket både gjennom å generalisere ut frå tekstar dei ser, og gjennom å lytte til sin eigen tale, er tilgangen til tekstar på eige språk prinsipielt viktig for alle som lærer å lese og skrive. Sidan bokmål dominerer både i barneulturen og nasjonalt, er det grunn til å tru at bokmålelevar flest møter skriftspråket sitt nok til å lage seg gode hypotesar om korleis dei skal skrive det. For nynorskelevar er situasjonen annleis, derfor blir dette omsynet i praksis viktigare for deira lese- og skriveopplæring. Det gjer at ein av og til må ta andre omsyn i lese- og skriveopplæringa for nynorskelevane enn for bokmålelevane. Elevar som skal lære å lese og skrive nynorsk, må få sjå mange tekstar på nynorsk (Utdanningsdirektoratet, 2020).

Samstundes er det eit stort unyttige potensial i fagfornyinga som på mange måtar kan gjere nynorskopplæringa meir motiverande og relevant for elevane, og som kan bidra til at dei i større grad kjenner på meistring.

Tidleg start med sidemål

Vi har mange undersøkingar som viser at mange elevar med bokmål som hovudmål opplever det som tungt å lære nynorsk sidemål i ungdomsskulen. Samtidig veit vi også at tidlegare start med opplæring i nynorsk som sidemål på barneskulen kan auke motivasjonen og gjere elevane meir opne for å lære. Det er fleire årsaker til dette: Startar elevane tidlegare med nynorsk, er det meir rom for språkleg leik, prøving og utforsking enn det ofte er i ungdomsskulen der målet for mange er formell vurdering med karakter. Utforskande og leikprega arbeidsmåtar i nynorskopplæringa er også viktig for motivasjonen, for at elevane skal vere opne i møtet med nynorsk og oppleve det å lære nynorsk som positivt. Elevar i barneskulen viser mykje mindre motstand i møte med nynorsk enn elevar i ungdomsskulen gjer, og dei positive erfaringane og haldningane dei får i barneskulen, ser det ut til at elevane har med seg inn i ungdomsskulen.

Elevar i barneskulen ser også ut til å vere lettare å motivere til å skrive enkle tekstar enn elevar i ungdomsskulen. Då blir det lettare å oppleve at ein meistrar språket, og forholda ligg betre til rette for at elevane opplever skriveoppgåvene som meningsfulle og mogelege å meistre når dei startar å lære nynorsk, sjølv om den språklege kompetansen i nynorsk er relativt låg. Elevar i ungdomsskulen kan oppleve enkle tekstar som barnslege og banale, dei vil gjerne uttrykkje seg med eit kompleks språk. Dersom ein startar seint med opplæring i nynorsk, rekk ikkje elevane å få denne kompetansen, og då opplever dei heller ikkje meistring.

Nynorsksenteret har gjennomført fleire prosjekt med tidleg nynorskstart på barnetrinnet, og vi ønskjer å dele erfaringane våre og vise fram korleis det kan skape meir motivasjon og meistring for elevane på barne- og ungdomstrinnet. Vi har også lyst å setje i gang nye prosjekt med korleis ein kan drive god opplæring i nynorsk som sidemål på barnetrinnet i tråd med ny læreplan. I etterkant vil vi vidareformidle nye, gode erfaringar, undervisningsressursar og arbeidsmåtar ved nynorskopplæring for denne elevgruppa.

Kompetanseheving for lærarar

Mange lærarar opplever at dei manglar nynorskkompetanse, dei saknar kunnskapar om og erfaringar med kva som motiverer elevane til å lære nynorsk, og fleire føler at dei manglar kunnskapar om kva god nynorskopplæring er. Skal nynorskopplæringa bli utforskande, praktisk og variert, treng lærarane rettleiing og inspirasjon, fagleg påfyll, gode didaktiske døme og tilgjengelege ressursar. Dette kan Nynorsksenteret hjelpe med på fleire måtar.

I dag er dei viktigaste formidlingskanalane nettsidene våre. Vi har ei eiga nettside som viser lærarane kvar dei kan finne meir enn 1000 gode, nyare, nynorske bøker sortert etter alder og kategori www.nynorskbok.no. Fleire av desse bøkene har vi i tillegg publisert undervisningsopplegg til. I tillegg har vi nettstaden www.nynorsksenteret.no. Her publiserer vi mellom anna undervisningsopplegg som viser korleis ein på varierte måtar kan drive motiverande og læringsfremjande nynorskopplæring. Desse undervisningsressursane har eit dobbelt føremål: Dei skal vere ein ressursbank for lærarar der dei kan finne gode undervisningsressursar i nynorskopplæringa for alle målgrupper i grunnopplæringa. Ressursane skal vere enkle å ta i bruk i klasserommet. I tillegg har desse undervisningsopplegga ein modellerande funksjon for lærarane. Dei får erfare og prøve ut varierte måtar å arbeide med språklæring og nynorskopplæring i tråd med ny læreplan, og etter kvart håpar vi dei kan tilpasse og utvikle eigne undervisningsopplegg som byggjer på liknande prinsipp, arbeidsmåtar og tankegang som ressursane dei prøver ut. På nettstaden formidlar vi også nyare forskning om nynorskdidaktikk, korleis ein best mogeleg kan leggje til rette for å gje nynorskelevane dei læremidla dei har krav på, også digitalt og vi løftar fram døme

på gode erfaringar med nynorskopplæringa frå skular, lærarar og skulebibliotek frå alle delar av landet

Nynorsksenteret går gjerne i dialog med enkeltlærarar som vender seg til oss med spørsmål om god nynorskopplæring og språkleg tilrettelegging for elevane. Vi svarer på spørsmål, tek i mot innspel og viser kvar dei kan finne materiell, undervisningsressursar og nynorske tekstar. Vi tilbyr i tillegg skreddarsydde kurs, både fysisk og digitalt til både større og mindre lærargrupper. Dette kan vere både kursrekkejer og enkeltstående kurs. Vi har også hatt meir langvarige utviklingsprosjekt ved fleire skular. Desse prosjekta har vore med å utvikle nynorskdidaktisk tankegang og praksis både for Nynorsksenteret og ei rekke skular.

Lærarutdanningane - forskning og formidling

Nynorsksenteret ønskjer også å bidra inn mot å auke den språklege og profesjonsfaglege nynorskkompetanse i lærarutdanninga. Vi arbeider for at nynorskdidaktikken blir ein del av lærar- og lektorutdanningane og at emnet kjem tydelegare inn i vidareutdannings- og kurstilbodet til lærarane i skulen. Som ein del av denne innsatsen har Nynorsksenteret etablert eit nettverk for lærarutdanning, der målet er å fremje god nynorskdidaktikk og forskning på området. Vi ønskjer å utvikle eit breiare samarbeid med aktørar frå universitet og høgskulesektoren slik at saman kan bidra til å vitalisere og styrkje nynorskopplæringa i alle ledd i utdanningssystemet.

Meistring og motivasjon heng saman

Vi ønskjer at elevane som har nynorsk som hovudmål og sidemål opplever språket som aktuelt og kjekt å bruke. Dersom elevane får møte og bruke nynorsk i mange samanhengar, utforske og leike med språket, vil elevane oppleve det som meir relevant og lettare å meistre. Då må elevane:

- Ha tilgang til gode verktøy, også digitale
- Arbeide med nynorsk i tverrfaglege rammer
- Ha tilgang til varierte, oppdaterte og engasjerande tekstar på nynorsk
- Få oppleve nynorsk som eit aktuelt bruksspråk dei kan bruke på alle flater

Vi på Nynorsksenteret kan hjelpe til med å fremje desse målsettingane gjennom rettleiing, ressursutvikling, kursverksemd og nettverkssamlingar for både lærarar, skuleleiarar og lærarutdannarar.

Kjelder:

Blikstad-Balas, M. & Roe, A. (2020). *Hva foregår i norsktimene? Utfordringer og muligheter i norskfaget på ungdomstrinnet*. Universitetsforlaget.

Språkrådet. (2022). *Rapport om språkbyte. Eit kunnskapsoversyn over språkbyte frå nynorsk til bokmål*. Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/2022/rapport-om-sprakbyte-2022.pdf>

Sønnesyn, J. (2020). Skulen som språkplanleggjar: Kva seier ungdomsskuleelevar om vilkåra for å læra nynorsk som hovudmål? I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (Red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 203–233). Cappelen Damm Akademisk.

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Kvalitetskriterium for læremiddel i norsk*.

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/laremidler/kvalitetskriterier-for-laremidler/kunnskapsgrunnlag-kvalitetskriterium-norsk/>

Wold, I. (2019). Kvifor ikkje nynorsk? Eit metaperspektiv på sju studiar om språkbortval i randsoner. *Målbryting* (10), 77–99.